

Til
Kari Skogeigar
Skogvegen
4000 Skogen

Kontroll og oppfølging av forynging etter hogst

Ein skogeigar har ansvar for at det kjem opp ny skog etter hogst og har plikt til legge til rette for dette innan tre år etter hogsten. Denne plikta følger av skoglova § 6 som seier:

«Skogeigaren skal sørgje for tilfredsstillande forynging etter hogst, og sjå til at det er samanheng mellom hogstform og metode for forynging. Nødvendige tiltak for å leggje til rette for forynging skal setjast i gang innan 3 år etter at hogsten er skjedd».

Oppfølging av forynging

Kommunen har hovudansvaret med å kontrollere at foryngingsplikta blir følgt og har oversikt over hogstfelt der det er hogd gran men ikkje registrert plantekjøp eller tilskot til planting. Oversikta visar at dette gjeld din eigedom.

Dette kan ha si naturlege forklaring og kan skuldast til dømes veglinehogst, tynning, tilrettelegging for naturleg forynging, omdisponering av skogareal til andre formål, planting utan bruk av skogfond eller anna.

Tilbakemelding via eigenmeldingsskjema

Vi ber om ei tilbakemelding på kvifor det ikkje er registrert nokon aktivitetar for å få opp ny skog på hogstfeltet på eigedomen din. Fyll ut vedlagt eigenmeldingsskjema for å gi oss din tilbakemelding. Skjemaet kan returnerast til

Er me framleis usikre på status på hogstarealet etter å ha mottatt eigenmeldingsskjemaet vil me kontakta deg for å avtale tid og stad for ein feltkontroll. Etter gjennomført feltkontroll vil me kome med ei tilråding om kva som bør gjerast på feltet. Om det er nødvendig kan kommunen gi pålegg om tiltak for å sikre at hogstareala blir satt i ny skogproduksjon.

Økonomiske støtteordningar

Me vil minna om at planting kan finansierast med både tilskot og midlar frå skogfondet som følgjer eigedomen. Ta kontakt med oss for meir informasjon om tilskot og fordelar med bruk av skogfond.

Med helsing

Ola Plantmeir
skogansvarleg
..... kommune

Vedlegg: Eigenmeldingsskjema for retur